

## Vedlegg 2: Samanfating av *Kvalitetskriterier for digitale læringsressurser* (SIKT 2017)

*Kvalitetskriterier for digitale læringsressurser* er utarbeidd av Senter for IKT i utdanninga og omhandlar kvalitetskriterier for digitale læremiddel. Oversynet inneheld ein pedagogisk og ein teknisk del. Kriteria i den pedagogiske delen er organiserte i tre hovudgrupper; brukarorientering, eigenarten til den digitale ressursen og det som vert kalla «faglig og pedagogisk orientering». Også i den tekniske delen vert de operert med tre kategoriar; tilgang, metadatamerking og teknisk interoperabilitet.

Når det gjeld *brukarorientering*, omtalar oversynet desse kvalitetskrava: Læremiddelet skal

- gi høve til individuell differensiering
- utnytte det digitale mediet med tanke på eleven si læring
- vende seg til målgruppa på ein engasjerande måte
- vere universelt utforma
- vere sjølvinstruerande

Med tanke på *eigenarten til den digitale ressursen*, vert desse kvalitetskrava sette opp:  
Læremiddelet skal

- legge opp til interaksjon med den lærande
- utnytte kommunikasjon for å styrke læringsarbeidet
- gi høve til oppdatering av innhald
- verke inspirerande
- utnytte dei særlege eigenskapane til ulike medium i læringsarbeidet

Det tredje punktet er *fagleg og pedagogisk spesialisering*. Her er det et kvalitetskrav at læremiddelet

- er kopla til gjeldande læreplan
- støttar samarbeidslæring
- treffer målgruppa godt
- har innebygde løysingar for vurdering
- kan supplerast med eige innhald og har lærarretteiing

Når det gjeld den tekniske delen, er det først og fremst dei kvalitetskrava som gjeld tilgang, som er relevant i vår samanheng. Det viktigaste kravet er at læremiddelet skal vere universelt utforma, slik at det kan nyttast av alle elevar. Kravet som følgjer av Opplæringslova § 9-4 som seier at læremiddel skal ligge føre til same tid og til same pris på nynorsk og bokmål, er også plassert her.

I det som vert kalla «metadatamerking», er føremålet å gjere det enklare for brukarane å «gjenfinne, gjenbruke og forvalte ressursen». Kravet er at læremiddelet vert merka med utgangspunkt i NORLOMv1.1. som er ein spesifikasjon som vert nytta i for å beskrive digitale læremiddel i norsk utdanningssektor. Når det gjelde teknisk interoperabilitet, vert det vist til krav og tilrådingar frå *Standardiseringsrådets referanse katalog over IT-standarder i offentlig sektor*.